



# Veg i

# West



BEDRIFTSAVIS FOR VEGVESENET I HORDALAND



God Jul!

# Veg i Vest

Nr. 4 1981 Årg. 5

Redaktør:  
Ragnhild Øverland  
Arnesen

Redaksjonsråd:  
Josef Martinsen  
Per S. Myhren  
Gunnar Gjæringen  
Konrad Ulvatn  
Nils Magnar Runnane  
Gudrun Caspersen

Opplag: 2.000

Biletet på framsida:

Vinter - brøyting - kolon-  
nekøyring er nokre av  
stikkorda for den ses-  
songen vi no er gått inn  
i. På Midtlæger har vakt-  
mannskapa kontrollen  
med meldingstenesta til  
trafikanter og oversikt  
over det som skjer i  
fylket. I jula til dømes, er  
trafikken over fjellet helt  
avhengig av at brøyte-  
og vaktmannskap er på  
plassen og passar job-  
ben sin. Medan nokre  
må ut på vegen, kan vi  
andre nyte julefri og  
julefred.  
Mannen ved telefonen  
på Midtlæger er Nils Lien.  
(Foto: VA)

Lay-out, trykk  
og distribusjon:  
Bergens Tidende/  
J.W. Eide,  
Bergen.

## INNHALD:

Hordaland vil tape mest .....	3
Er du interessert i kunst? .....	4
Vegsjefen har ordet .....	5
Jann Jensen ny driftssjef .....	6
Budsjettsituasjonen i 1982 .....	8
Haukeli – betre informasjon til trafikantane .....	11
Bergen nord flytta til Rådal .....	14
Nybygget i rute .....	16
Vegvesenet under okkupasjonen 1940-45 .....	17
Trafikktellinger viktig .....	23
Informasjonsansvaret i hovedavtalen .....	26
Informasjon en forutsetning for medbestemmelse .....	28
Medbestemmelse og driftsdata sentralt for biltilsynet .....	29
Ordet fritt .....	32
Ferjetrafikken i Hordaland .....	36
Bemanningen i vedlikeholdsdriften .....	37
Gjennomslag i Trolldaugtunnelen .....	38
Fristar for hytteleige og velferdsmidlar .....	42
Sport .....	43
Pensjonisttreff i Lofthus .....	45
Personalnytt .....	48

Utrolig, men sant:

# Hordaland vil tape mest på bygging av Nord-Norgebanen

*Omfattende oppsigelser og anleggsstopp for nye vegger blir konsekvensene.*

Dersom bygging av Nord-Norgebanen skal dekkes innenfor riksvegbudsjettet (som det er antatt av Ribu-utvalget) og kostnadene skal belastes alle fylker forholdsmessig like mye, er Hordaland det fylket som vil tape mest på det i kronebeløp. Over en ti-års-periode vil anleggsbudsjettet vårt bli redusert med 568 millioner kroner, og det er ikke småpenger.

Sett i forhold til den situasjonen vi har på anleggssiden i Hordaland i dag, kan vi regne med at en slik reduksjon ville bli katastrofal for vegbyggingsevirsomheten i fylket og ikke minst for sysselsettings-situasjonen innen vegvesenet.

Opplysningene går fram av Vegdirektoratets uttalelser til Samferdselsdepartementet i samband med utredningen om Nord-Norgebanen. Her har utvalget som har vurdert saken gått inn for at byggekostnadene skal dekkes innenfor riksveg-budsjettet, fordelt på alle fylkene. Alternativet er å dekke det inn under anleggsbudsjettet i de nordligste fylkene, noe som vil innebære full anleggstopp i 10 år i Finnmark, Troms, Nordland og Nord-Trøndelag, i følge Vegdirektoratets uttalelse.

Konsekvensene av et vedtak i tråd med Ribu-utvalgets innstilling vil totalt sett bli at 1150 mann i vegvesenet må sies opp, anleggsvirsomheten på vegger over hele landet må reduseres, det vil føre til flere trafikkulykker og gi minimal økning i det

tillatte akseltrykket rundt om på vegene, hevdes det fra Vegdirektoratet.

Ribu-utvalget har altså foreslått at det i en ti-års-periode årlig skal overføres til jernbanen omkring 30 prosent av veg-investeringsbudsjettene for samtlige fylker, uten at det er tatt særlig hensyn til at disse budsjettene, ikke minst her i Hordaland, er svært hardt beskåret fra før. Det er allerede et faktum at det skal overføres folk fra Hordaland til bygging av veg til Kårstø i Rogaland, blant annet fordi vi har vansker med å sysselsette dem her hos oss. Hva blir så det neste? Det er begrenset hvor lenge en kan bruke den metoden, ikke minst dersom samtlige anleggsbudsjett skal skjæres ytterligere ned.

## **Store konsekvenser for Hordaland og Bergen**

– Hva vil et eventuelt vedtak om bygging av Nord-Norgebanen på disse premissene bety for vegvesenet her i fylket?

Vegsjef Martinsen er ikke i tvil: – Sett på bakgrunn av den store nedgangen vi allerede nå har hatt i anleggsbevilgningene vil en ytterligere reduksjon bare gi ett resultat: oppsigelser i stor stil. Videre vil det føre til at vi må stoppe bygging av nye vegger. Dette vil gå ut over de viktige hovedsambandene Bergen - Voss og Bergen - Sogn, og ikke minst vil det gi store reduksjoner når det gjelder anleggene i

---

## Er du interessert i kunst?

Ikkje alle kjenner seg på så trygg grunn at dei utan vidare vil svare ja til eit slikt spørsmål. Men noko vakkert å ha på veggene heime, det vil nok dei færraste av oss seie nei til.

No er det ikkje alltid så lett å bestemme seg for slikt, og det er dessutan dyrt å kjøpe «skikkelege» bilete, så det blir nok oftast fælt lite dei fleste av oss investerer i kunst, sjølv om vi kunne ha tenkt oss det.

### Kunstlag

No har vi idrettslag, vi har Bilklubben og vi har «Salven», for nevne noko, så kvifor ikkje fa i gang eit kunstlag også? Forslaget kjem frå Per Steffen Myhren, som kan vise til liknande tiltak i Vegdirektoratet og i ei rekkje andre firma, etatar og bedrifter. Det heile går ut på at det skal vere rimelegare og enklare å skaffe seg kunst, i første rekkje måleri og grafikk.

Konkret vil dette skje slik at kvart medlem i kunstlaget betaler ein viss sum, t.d.

100-150 kr. i året. Styret i laget kjøper inn etter økonomi og behov, og måleria skal etter regelen henge på ein sentral stad i bedriften ei tid, slik at alle har høve til å sjå dei. Deretter vert det halde trekning mellom medlemene, og dei som vinn, har høve til å velje mellom dei innkjøpte måleria, så langt det let seg gjere. Trekninga vert lagt opp slik at alle medlemene vil vinne innan ein viss periode, t.d. fire år.

Før ein kan setje i gang, er det naudsynt å vite litt om kor mange som har lyst til å vere med i eit slikt lag. Vi strekar under at tilbodet gjeld *alle* tilsette i vegvesenet i Hordaland, uansett kor han/ho har arbeidsstaden sin.

Dersom du er interessert, så meld deg til: Per Steffen Myhren, hovudkontoret, tlf. 23 23 10, lokal 231. Han må ha melding innan utgangen av januar.

Roa.

---

### Hordaland vil tape mest....

selve Bergen. Det er på disse stedene det vil svi mest, dersom så galt skulle skje.

Martinsen tror ellers ikke at faren for et positivt vedtak om Nord-Norgebanen er så stor, – men bare det at en tenker på det, er skremmende nok, sier han.

I Vegdirektoratets uttalelse om Nord-Norgebanen pekes det eilers på at Ribu-utvalget ikke har vurdert hvilket transportsystem den nordlige landsdelen vil være best tjent med om så store beløp skulle tilføres det vanlige samferdselsbudsjettet. Dette burde i alle tilfeller vært gjort før en kan ta endelig stilling til bygging av banen, går det fram. Et tilsvarende beløp ville fram til 1995 kunne dekke de viktigste behovene de nordligste fylkene i dag har på vegsektoren, framholdes det i

uttalelsen. En forlengelse av Nord-Norgebanen vil ikke løse landsdelens uløste vegoppgaver.

Samtidig blir det pekt på at overslagene en går ut fra i forbindelse med banen, er for lave. En foreløpig gjennomgang tyder på at overslaget for de 240 km tunneler det er behov for, kan ligge ca. 800 mill. kroner for lavt. Dessuten er ikke tilførselsveger til jernbanestasjonene tatt med i overslaget. Disse er anslått til over 300 mill. kroner. I tillegg må en regne med stor usikkerhet så tidlig i planprosessen for et prosjekt. Det vil altså si at konsekvensene for fylkene kan bli enda større enn det vi har nevnt ovenfor, dersom det skulle bli noe av jernbanebygging videre nordover.

Roa.

### Utsiktene ikkje dei beste, men grunn til optimisme



Den avgåtte regjeringa har lagt fram sitt forslag til riksvegbudsjett for 1982, og stort sett er forslaget som venta. Den nye regjeringa har når dette vert skrive ikkje lagt fram sitt forslag, men det er liten grunn til å tru at det blir gjort framlegg om auka løyvingar.

Ser vi på budsjettframlegget for riksveg-anlegga så betyr det ein liten nedgang i løyvingane frå 1981 til -82. Til riksvegvedlikehaldet blir det truleg ein auke, men ikkje meir enn det som tilsvarar auka veglengd.

Fylkesvegbudsjettet kjem opp på fylkestinget i desember, men eg går ut frå at det ikkje vert vesentlege endringar i forhold til forslaget.

Løyvinga til fylkesveganlegg for 1982 blir truleg berre vel tredjeparten av det som er oppført i langtidsplanen. Også løyvinga til fylkesvegvedlikehaldet vil gå ned frå 1981 til -82. Utsiktene framover er difor ikkje dei beste, men likevel er eg optimist. Grunnen til min optimisme er det som har skjedd i inneverande år. Vi rekna med å få eit underskot i år på riksveganlegga på ca. 20 mill. kr. Anleggsavdelinga har imidlertid drive svært stramt, slik at det knapt blir noko underskot i det heile. Dette er gjeledeg, og anleggsavdelinga skal ha ros

for det fine resultatet. Det gjer at vi truleg kan stå litt friare heretter, og det er ingen fare for oppseiing av folk.

Sterk prisauke på vegolje og bitumen har skapt store vanskar for vedlikehaldet i inneverande år. Budsjettsituasjonen er difor kritisk både for riks- og fylkesvegvedlikehaldet. Eg vonar likevel at det skal vera mogeleg å kunna avslutta rekneskapen utan fare for store overskridingar. Vi må truleg senka vedlikehaldsstandarden endå meir for å unngå overskridingar på budsjetta i framtida. I tillegg må vi gjennomføra fleire rasjonaliseringstiltak og få ein betre budsjett disiplin i enkelte vedlikehaldsområde. Grappa som nå arbeider med bemanninga i vedlikehaldet har ei svært viktig oppgåve, og deira undersøkingar kan få mykje å seia for det framtidige vedlikehaldsopplegget.

Planavdelinga har også hatt eit vanskeleg arbeidsår i 1981. Spesielt vanskeleg er det å få nødvendige planar og grunnavståing for trafikksikringsprosjekta, og her blir det nødvendig å satse sterkare i året som kjem. Det er grunn til å gle seg over at dei store vegplanane for Bergen nå ser ut til å gå igjennom.

Til slutt vil eg nytta høvet til å ynskja alle ei riktig god jul og takke for eit godt arbeidsår i 1981.

*J. Martinsen*

# Jann Jensen ny driftssjef frå 1. november.

*Vonar vi er over verste kneiken  
med omsyn til sysselsettinga no.*

Frå 1. november har Hordaland Vegkontor fått ny driftssjef. Jann B. Jensen, 43 år gamal, har faktisk vore i 20 år i vegvesenet den 2. januar 1982. Og før han kom så langt hadde han rokke å få med seg fire år som vanleg anleggsarbeidar, så grunnlaget skulle vere solid, sett frå ein slik synsstad.

## «Anleggsmann» fullt ut

Jensen har stort sett halde seg til anleggsavdelinga i heile denne tida, med unnatak av den tida han tok over som leiar for maskinforvaltninga, frå mai 1980 til januar i år. – Eg hugsar at eg først tok til under avd. ing. Thorvald Olsen på ein parsell på ytre Laksevåg, men det første anlegget eg fekk drive åleine var den såkalla Solstrandvegen mellom Hausvik og Bruvik grense på Osterøy. Det første store anlegget eg fekk ansvaret for, var utbetningsarbeidet over Hardangervidda frå 1967-70, fortel Jensen til «Veg i Vest».

Driftsplanlegging tok han til med alle-reide frå 1964, og i 1974 blei driftsplanseksjonen oppretta, der han sidan har vore leiar. – Nett denne jobben har gitt meg store fordelar sett i høve til den eg no skal ta over, meiner Jensen. – Den har gitt meg nær kontakt med andre avdelingar, også gjennom arbeidet med dei koordinerande møta, og det har gitt meg bra oversikt over det som skjer innan vegvesenet.

– Vil den nye stillinga innebere mykje nytt for deg?

– Ja, det er ikkje tvil om det. Eg har t.d. ikkje hatt noko med vedlikehaldet å gjere tidlegare. Mi første oppgåve vil difor bli å bruke ein del tid på å setje med inn i ting eg



Jann B. Jensen – vår nye driftssjef. (Foto: Roa)

ikkje har kjennskap til. Arbeidet med budsjettet kan mellom anna vere til hjelp der.

## Planar

– Har du elles bestemte planar for drifts-avdelingane?

– Når det gjeld anleggsavdelinga meiner eg vi må halde fram med den linja vi har lagt oss på, nemleg å rasjonalisere drifta. Dette arbeidet har synt glødelege resultat dei siste åra.

For maskinavdelinga gjeld det å få bygd opp ein maskinpark som er riktig avstemd i høve til oppgåvene. Det gjeld om å få det til å svare seg med maskindriften, utnytte utstyret betre enn i dag og finne fram til

riktigare rutinar i oppgjeret mellom avdelingane. Eg vil og arbeide for at den einskilde maskinkøyraren kan hende kan komme meir aktivt med når det gjeld å følgje opp oppgjersformene ute i drifta.

Heile tida må vi ha som mål å få anleggs- og vedlikehaldsavdelingane til å gjere større nytte av dei tenestene distriktslaboratoriet kan by. – Dersom det ser ut til at kapasiteten er for liten i dag, må vi vurdere om vi kan utnytte menneskapa betre, eventuelt om det er naudsynt å supplere med fleire, seier Jensen.

– Det er viktig at laboratoriet kjem sterkare med i drifta til anlegg og vedlikehald, og det ser og ut til at avdelingane ønskjer det.

– Vedlikehaldsdrifta må eg vedgå at det er vanskeleg å seie stort om førebels. Først og fremst må eg setje med inn i dei oppgåvene avdelinga har. Generelt er det elles driftssjefen siitt ansvar å syte for at dei midlane vi får vert utnytta mest mogleg effektivt – på tvers av avdelingane – og for øvrig koordinere drifta.

### **Syssettinga**

– Då er det naturleg å spørje om syssettinga?

– Ja, til no har vedlikehaldet stort sett fått behalde løyvingane sine, medan anleggsavdelinga har fått oppleve store nedskjeringar. På denne avdelinga har vi klart å rasjonalisere slik at vi i dag ligg på eit nivå som gjer at vi i 1982 stort sett vil kunne balansere mellom oppgaver og talet på tilsette. Føresetnaden for dette er likevel at vi får dei tilskota vi har rekna med, i form av forskot frå kommunar, midlar frå Sivilforsvaret i samband med tunnelen under Nygårdshøyden og bompenginntekter og -lån. I alt utgjer dette for 1982 vel 60 mill. kroner. Får vi ikkje dette, så kan det bli verre med syssetsettingssituasjonen. Ei anna sak er det at vi kan hende må sjå anlegg og vedlikehald meir under ett når det gjeld syssettinga, men førebels er det vanskeleg for meg å seie noko konkret om dette, seier Jensen.

– Men er det då naudsynt å sende folk til vegbygging i Rogaland?

– Ut frå ei totalvurdering av syssetsettingssituasjonen på anleggs- og vedlikehaldsavdelingane trur eg dette kan vere ei god løysing. Men, som sagt, er løyvingane i tråd med vegplanen og dersom forskota, t.d. til nordre innfartsåre, held, vil vi få brukbar balanse. Vi reknar då med at den naturlege avgangen held fram som venta. Slår alt dette til, så kan vi vone på å vere over den verste kneiken.

### **Meir entreprise**

– Er det elles spesielle mål du tek sikte på?

– Ut frå den driftsforma vi har i dag er det ønskjeleg at vi kjem opp på eit høgare entreprenernivå enn vi har no, – frå 12-14% i dag til vel 20% reknar eg vil vere rimeleg. Dette ønskjer eg fordi vi må ha noko å måle drifta vår opp mot, dersom vi skal ha ei effektiv vegarbeidsdrift. Beste målestokken er då å setje delar av drifta vår ut på entreprise. Det gir eit inntrykk av kor vi står. Stortingsmelding nr. 80 trekkjer opp retningslinjer for drifta vår, og skal vi oppfylle intensjonane der med omsyn til effektivitet, treng vi denne målestokken.

– Korleis har effektiviteten vore til no?

– Vi har hatt visse undersøkingar på dette. Ei rapport om tunneldrifta syner at vi ligg på om lag same nivå som private entreprenørar, og undersøkingar omkring arbeidet på Holmestrandstunnelen stadfester dette. Undersøkingar på bore- og sprengingsarbeidet gir same resultat.

Kort sagt, det ser tilfredsstillande ut, men det kan sjølvstøtt svinge frå anlegg til anlegg. Likevel har vi for få entreprenørar inne no, slik at vi ikkje har ein så sikker målestokk som vi kunne ønskje.

### **Arbeidstida**

– Ei anna sak eg vil peike på er dette med arbeidstida. Mange tykkjer vel at det vert så altfor mykje masing om dette. Dei fleste har heller ikkje grunn til å føle seg trakka på tærne, for stort sett vert arbeidstida halde. Men det er naudsynt å ha ein viss kontroll, både for at det skal vere likt for alle og for å kunne praktisere forskove arbeidstid. Dette må ein akseptere – det er òg naudsynt dersom vi skal ha håp om å kunne halde på

# Størst nedgang for fylkesveganlegg, – meir til trafikksikringstiltak

1982 er første året i den nye vegplanperioden 1982-85. Det kan følgjeleg vere av interesse å sjå om løyvingane til riks- og fylkesvegar er i samsvar med dei føresetnadene som vart sett i Norsk vegplan og i fylkesvegplanen.

## RIKSVEGBUDSJETTET Anlegg

Til riksveganlegg får vi i 1982 ei løyving på 247 mill. kroner. Av dette er 6,5 mill. kroner refusjon av uoppgjorde forskot og 1,4 mill. kroner er tilskot til kommunane sine utgifter til grunn til gang- og sykkelvegar.

Til samanlikning har vi i år ei løyving på 226,7 mill. kroner. Dette gir ein auke på vel 20 mill. kroner eller 9 %. Denne auken vil

## Jann Jensen....

den driftsforma vi har no, som ser ut til å vere godteken av alle. Det gjeld berre å finne fram til ei smidig form for kontroll. Både lønsrapport og stemplingsur er brukbare etter mi meining, men det siste høver nok best til større arbeidsplassar. Jensen peikar dessutan på at upopulære tiltak, som det nemde, kan vere naudsynte for at vi skal kunne halde på den gode arbeidsplassen vi har.

– Eg vil elles satse på sakleg diskusjon og godt samarbeid med organisasjonane og vil leggje vekt på klare og greie retningslinjer frå leiinga, strekar Jensen under.

– Kan vi vente spesielle endringar, t.d. organisasjonsmessig, med den nye driftssjefen?

– Det er vanskeleg å uttale seg om no.

knappt nok dekkje den kostnadsauken vi må rekne med frå 1981 til 1982.

Løyvinga i 1982 er i samsvar med St.meld. nr. 80 (1980-81) om Norsk vegplan, men som det vil vere kjent ligg vegplanen sine rammer ca. 15 % lågare enn det forslaget til vegplan fylkestinget gjekk inn for i desember 1979.

Sjølv om det er nedgang i løyvingane, så aukar no aktiviteten i Bergensområdet. Arbeidet med innfartsårene frå nord og sør går vidare, samstundes med at arbeidet har teke til på Straumevegen, Salhusvegen og tunnelen under Nygårdshøyden. I tillegg kjem vel 15,0 mill. kroner i trafikksikringsmidlar. Tilsaman får Bergen

Men det gjeld å ha auga opne for eventuelt å endre organisasjonsforma vår slik at den samsvarer med krava til ei effektiv drift. Eit døme er utestasjonering av anleggsstyrarar. Det meiner eg er naudsynt for å halde ei effektiv drift på anlegga. Likevel er det viktig at det skjer på frivillig basis og at det blir gitt økonomisk kompensasjon for det.

– Eg vil og leggje stor vekt på eit anna tiltak som kan få mykje å seie for verksemda vår og for dei tilsette, nemleg attføringsarbeidet. Dette kjem eg til å prioritere høgt. Ved å drive førebyggjande arbeid i dag kan vi kan hende unngå ein del problem som kan skaffe oss og mange tilsette store vanskar i framtida, avsluttar den nye driftssjefen.

Røa.



vel 80 mill. kroner, dette svarer til 33 % av løyvingane til Hordaland og er ein markert auke i høve til tidlegare år.

Ein annan ting ved 82-budsjettet som det kan vere grunn til å merke seg, er den store auken i løyvingane til spesielle miljø- og trafikksikringstiltak, frå 14,9 mill. kroner (eller 6,6 %) i 1981 til 28,4 mill. kroner (eller 11,5 %) i 1982. Dette er også i samsvar med den prioritering trafikksikringstiltak har fått i vegplanen for perioden 1982-85.

### **Vedlikehald**

Til vedlikehald av riksvegnettet i Hordaland har vi fått ei løyving for 1982 på 113 mill. kroner. Dette er ein auke på 13 mill. kroner i høve til 1981, då løyvinga var på 100 mill. kroner.

Vegdirektoratet reknar med ein prisauke på 12 % frå 1981 til 1982. Dette skulle gi oss ein reell auke i vedlikehaldsløyvinga på 1 % frå 1982 til 1982. Dette er lågare enn den auken på 3 % pr. år som er sett opp for vegplanen for 1982-85.

### **FYLKESVEGBUDSJETTET**

Budsjettarbeidet i fylket er ikkje kome så langt at det ligg føre noko endeleg forslag frå fylkesrådmannen. Men på grunnlag av forslaget til langtidsbudsjettet som fylkestinget vedtok i juni i år, er det utarbeidd eit forslag til 1982-budsjett for fylkesvegane. Vi har på det noverandetidspunkt (1.11.81) ingen grunn til å tru at det vert store endringar i det budsjettforslaget som skal vedtakast på fylkestinget i desember.

### **Anlegg**

Løyvingane til fylkesveganlegg har gått radikalt nedover dei siste åra, frå 48,4 mill. kroner i 1980 til 36,0 mill. kroner i 1981 og med eit forslag for 1982 på 26,4 mill. kroner. Rekna i faste prisar betyr dette at fylkesvegbudsjettet vert redusert med 55 % frå 1980 til 1982. Samanliknar vi forslaget til 1982-budsjettet med fylkesvegplanen for perioden 1982-85 som fylkestinget vedtok i desember 1979, så skulle løyvinga liggje på 68,2 mill. kroner i 1982, medan fylket no ikkje fekk plass til meir enn 26,4 mill. kroner.

Dette betyr naturlegvis ei radikal nedtrapping av anleggsdrifta på fylkesvegane. I 1980 hadde vi løyving til 16 ordinære anlegg, i 1982 er det ført opp midlar til 7 ordinære anlegg og av desse er 6 vegar til veglause strøk. Det kan ikkje reknast med heilårsdrift på meir enn 5 av desse anlegga.

### **Vedlikehald**

Situasjonen når det gjeld vedlikehaldet av fylkesvegane er ikkje like dystert. Der har vi fått følgjande løyvinger i løpande prisar:

1980 : 75,3 mill. kroner


1981 : 77,5 mill. kroner

1982 : 83,8 mill. kroner (forslag)

Dersom ein tar omsyn til prisauken betyr dette at vi har hatt ein årleg reduksjon i vedlikehaldsløyvingane på 6 % frå 1980 til 1982.

Vi reknar likevel med å kunne halde eit forsvarleg vedlikehald på fylkesvegane med den løyvinga som er foreslått for 1982, men dersom den sterke prisauken vi har hatt på oljegrus og asfalt held fram, så vil det vere vanskeleg å halde dekkestandarden på eit forsvarleg nivå.

*P. S. Myhren*






*Klart for kolonnekjøring.* Dei siste ordrene vert gjevne om korleis trafikantane skal te seg i kolonnen. Det *kan* vere eit problem å få dei til å skjønne kor viktig det er å rette seg etter den instruksjonen dei får, og mange har ikkje det nødvendige utstyret med seg, som t.d. kjettingar. Vi veit elles døme på at leiteaksjon må setjast i gang av di siste bilen i kolonnen snur undervegs utan å melde frå. Slikt seinkar både kolonnekjøringa og brøytinga og gir mannskapa unødvendige problem på vegen.

(Foto: VA)

Stogg i Haukelitunnelen. Bileta kan sjå uskarpe ut, men det er snødrevet som er skuld i det. Her er ikkje alltid like triveleg på denne tida av året. (Foto: VA)



*Heilårsvegen over Haukeli:*

# Betre informasjon til trafikantane

*Brøyte- og beredskapsopplegget for vinteren  
blir elles stort sett som tidlegare*

Det vert stadig arbeid for å betre trafikant-servicen over fjellet, kanskje gjeld dette særleg høgjellsvegen over Haukeli. Nytt i år er at det i løpet av vinteren skal monterast radiostyrt informasjonstavle som skal fortelje trafikantane korleis tilhøvet over fjellet er. Tavla skal stå ved Texaco-stasjonen i Røldal, og den vert styrt frå Midtlæger. Ei tilsvarande tavle skal og plasserast på Telemark-sida. Det er Vegdirektoratet som har ansvaret for dette opplegget.

Tavla vil få følgjande tekst:

- a) E 76 open
- b) Kolonnekøyring
- c) E 76 mellombels stengd

På denne måten vil det bli enklare å kontrollere og informere trafikantane, ikkje minst på dei dagane då fjellet står i kok. Det er Olav Lundstad, leiar for dei indre vedlikehaldsdistrikta, som fortel dette til Veg i Vest.

## Informasjonstenesta

Nytt er det også at vedlikehaldssjefane i Hordaland og Rogaland har drøfta om det kan vere mogleg å få i stand felles informasjonsteneste for dei to fylka, basert på vaktordninga på Midtlæger. Radarvarsling for heile Vestlandet, på same måten som ein austpå har kopla meldingstenesta til verradarsystem og Hovedvaktssentralen på Kjellerbru, er og under drøfting. Også her er Midtlæger så så seie midt i brennpunktet, peikar Lundstad på.

For øvrig vil vi halde fram med informasjonsoopplegget for vegmeldingstenesta som vi tok til med litt seint i fjorårs-sesongen. – Dette må vi satse på å bruke – og verkeleg utnytte – heile året, så lenge vi har vaktar på Midtlæger, seier Olav Lundstad. Kort går dette opplegget ut på at vakta på Midtlæger skal vere «sentral» for alle meldingar om vegtilhøva i heile fylket heile døgnet utanom kontortida og i alle helgar.

Alt som skjer på vegane og som vil ha noko å seie for trafikantane, skal varslast her, og vaktmannskapa skal ha ansvaret for å formidle vidare det som må meldast til trafikantane – gjennom radioen, først og fremst. Vegmeistrar/beredskapsvakt skal melde frå til Midtlæger om vegstengingar, -opningar etc. slik at vi har **eitt** telefonnummer der trafikantane kan vende seg for å få opplysningar om vegane, uansett kor i fylket det gjeld. Telefonnummeret er ført opp i katalogen no. Meldingar utanfrå skal og gå om Midtlæger, og folka her skal melde frå vidare til vegmeisteren.

– Det er opp til vegmeistrane og beredskapsvakten kring i fylket å få opplegget til å fungere effektivt, strekar Lundstad under.

## Brøyteopplegget

På spørsmål om brøyteopplegget for sesongen 1981-82 svarar Lundstad at det ikkje er planlagt store endringar i høve til i fjor, korkje på Haukeli eller andre stader.

– Det har vore på tale å kutte ut ein av dei fire bilane vi til vanleg har nytta i området Odda - Røldal - Haukeli, den sokalla «Seljestadbiilen», som går mellom Fjæra

og Seljestadtunnelen. Det er ikkje umogleg at det kan skje neste år, men i år har vi funne det rett å nytte denne og dei andre brøytebilane i massetransporten i Røldal. Med det vert kapasiteten på bilane nytta fullt ut, meiner Lundstad.

Tre bilar til tek seg av brøytebesten her ved den einaste fjellovergangen som gjev oss samband med andre landsdelar om vinteren.

Ein av desse går mellom Hordalia og Nyastøl bru, ein går mellom Nyastøl bru og Haukelitunnelen vest og ein går frå Røldal og rv. 46 til Nesflaten. – I år vert alle desse sett på massetransport når det ikkje er behov for dei til brøyting, fortel Lundstad. Dei tre er brøytebilar med liten lastekapasitet, medan Seljestadbilen har stor kapasitet, og tilsaman skal desse transportere om lag 16.000 m<sup>3</sup> steinmasse frå tunnelen i Austmannalia til utbetring mellom rasoverbygga i Røldal.

Også dette opplegget skal styrast frå Midtlægger.

### Like bra tilhøve som før

Ut over dette vil det meste av brøytinga stort sett gå føre seg som i fjor, for det meste med kontraktbrøyting. Eigne bilar har vi på Hardangervidda, fram til vegen blir stengd her, og elles mellom Måbødalen og Kinsarvik. To bilar har vi på strekkinga mellom Dale og Bulken, men der er no natt- og helgebroytinga teke over av private sjåførar. Den eine av dei to bilane våre her skal køyre den nye isreinskeriggen som skal nyttast til isreinsk i tunnelane i distriktet omkring Voss - Norheimsund. – Det er vidare utarbeidd skiftplanar for veghøvlane, fortel Lundstad, – men desse vil berre tre i kraft når det er behov for det.

Beredskapsteneste vil det elles bli for mannskapa i R-2 og R-8 i områda kring Bergen. Det er planlagt strøteneste for innfartsårene til Bergen på Sotra, Askøy, Laksevåg, Fana og Åsane. I Åsane vil ein ta seg av denne jobben frå kl. 21 til 01.00, i dei øvrige områda vil ein ta seg av dette frå

kl. 03.00 til arbeidstida for folk flest tek til, fortel Lundstad.

### Tar over Bergen sentrum

Ei vesentleg endring finn vi likevel i Bergensområdet. Vegvesenet har no teke over alt vedlikehald også på riksvegane i Bergen sentrum, som før Bergen kommune tok seg av. Det vil altså seie at vi har ansvaret for innfartsvegane heilt inn i bykjernen, seier Lundstad. – I praksis vert dette ordna slik at Bergen Sør har alt vedlikehald i sentrum, medan mannskapet frå Åsane arbeider seg inn til Amalie Skramsvei i Sandviken. Med det har vegvesenet også teke over dei problema Bergen kommune har hatt med vintervedlikehaldet. Sesongen vil vise korleis det vil fungere for vår del.

Det skal elles ikkje bli dårlegare tilhøve på vegane i år enn dei siste åra, meiner Lundstad. For nokre år sidan fekk vi ein kraftig reduksjon i vinterberedskapen, utan at det gav alvorlege negative reaksjonar. Opplegget vårt har fungert svært bra likevel, og trafikktilhøva har ikkje vore stort dårlegare enn før. Sjølv sagt vonar vi likevel på at ikkje vinteren gjer altfor mykje gale på vegane våre, slik at mannskapa slepp å få hardkøyr heile vinteren igjennom.

Røa.



---


## Olje under trykk er farlig

I «Nytt fra vernetjenesten» fra Statskraftverkene finner vi en orientering om risikomomentene i forbindelse med olje under trykk, noe som også forekommer i andre virksomheter med hydraulisk utstyr.

Ved et anlegg skjedde nylig to ulykker fremkalt av olje under trykk. Det var et lite

Skaden er særlig kjent fra bruk av smørepistoler.

Oljetrykkskader gir vanligvis intense smerter og hevelser. Smertene kommer gjerne straks, men kan også utvikles gradvis i løpet av de første 12 timer – noe som kan føre til at skadens omfang



hull på hydraulikkslangen, så lite at en mann måtte føle langs slangen med hånden for å lokalisere det. Strålen var likevel sterk nok til å trenge gjennom huden, og fingeren måtte amputeres. Ved den andre ulykken berget en mann fingeren. Ikke alle leger kjenner umiddelbart behandlingsmåten, men det er av viktighet for resultatet at behandlingen starter tidlig (Tidsskrift for Den norske lægeforening 1966, s. 1339–1340).

undervurderes ved første undersøkelse. Avhengig av trykkets størrelse kan oljen bre seg utover i hele fingeren eller hånden.

Ved ubehandlet skade er utfallet oftest dårlig. Ved tidlig behandling kan resultatet bli tilfredsstillende, men selv da kan en få mén.

Behandlingen, som bør skje på sykehus, går ut på å oppheve trykkvirkningen, samtidig som det tilstrebes å fjerne så mye som mulig av den inntrengte olje.

(Fra «Teknikk og miljø» 1980)

# Vedlikehaldsdistrikt Bergen nord flytta til Rådalen

Vegmeister Johannes Haukanes og folka hans innanfor vedlikehaldsomsråde 8, Bergen Nord, flytta i slutten av september frå Nyborg i Åsane og ut til kollegene sine i Bergen Sør i Rådalen. Det vil seie at kontora på Nyborg ikkje lenger er i bruk, berre garasjen med ein del utstyr vert nytta.

– Korleis vil dette slå ut reint arbeidsmessig?

– Når det gjeld dei faste rutine skal det nok gå bra, men det kan nok av og til bli eit problem med dei lange avstandane om det skjer noko ekstra, er Haukanes redd for. – Det tar tid å køyre frå Rådalen til Åsane og radiosambandet med Åsane er ikkje så

godt. Då vi heldt til på Nyborg fekk vi dessutan mange direkte oppringingar og spørsmål og tips, og formannen fekk raskt melding om det hadde skjedd noko. Denne kontakten har vi ikkje lenger no.

– Kan dette med andre ord gå ut over trafikktilhøva i Åsane?

– Eg trur ikkje det. Formannen vår bur strategisk til i Åsane, noko både billaget og mange andre kjenner til, slik at dei kan varsle han direkte.

– Flyttinga inneber kan hende fordelar óg?

– Ja, beredskapsmessig kan det vere ein viss fordel å samarbeide nærare med Bergen Sør. Vi har no delt beredskaps-



Haukanes og Haugen, vegmeistrane i Bergen Nord og Sør, i gemyttleg samtale over skrivebordet. (Foto: T. Haugen).



*Vegmeistrar og oppsyn samla utanfor. Frå venstre bak: Johannes Haukanes, Jon Nordhuus, Amund Holdhus, Sverre Haugen. Foran frå venstre: Roald Amundsen, Anders Trefall og Gunnar Lund.*

vakta for begge dei to distrikta mellom oss, slik at det vert ikkje så ofte vakt på kvar einiskild som før, fortel Haukanes.

Vegmeisteren føyer elles til at det er eit spørsmål om ikkje salting- og strøingsberedskapen burde ha vore endå betre. – Det vert skulda på økonomi seier han, – men det spør om det ikkje likevel ville svare seg å spandere litt salt t.d. dei 3-4 frostnettene vi til vanleg har i november månad. Røynslene viser at folk legg om til

piggdekk etter første frostmorgonen og så køyrer dei med desse dekkja heile vinteren, sjølv om vegane er bare. Vi veit kva slitasje dette fører til på vegane, så det kan vel diskuterast kva som svarar seg best – å salte litt meir eller å lappe på utslitne vegdekke.

★

Ja, Haukanes spør – kva svarar andre vedlikehaldsfolk? Ordet er fritt!

Red.



*Målfrid Knoph tek seg av telefonar og skrivearbeid m.m., og då kan vi samstundes minne om nye, direkte nummer til vedlikehaldet i Rådal: 27 67 95, 27 67 96.*

# Nybygget i rute

Førebuinga til innflyttinga har teke til

Arbeidet med bygget i Fyllingsdalen går sin gang. Som biletet syner, er hovudbygget kome eit godt stykke over bakken, medan bygget for Biltilsynet så vidt var påbegynt då biletet vart teke i slutten av oktober.

Det er sett ned ei gruppe som skal arbeide med førebuinga til innflyttinga. Gruppa er sett saman av Edgar Aaland, Bjørn Langedal og Gunn Haugland.

Det første som no skjer, er at det er laga ei ramme med eit førebels framlegg til areal for kvar avdeling. Dette er send ut til avdelingane, for å få drøfta korleis fordelinga på dei ulike kontora bør bli, fortel Aaland til Veg i Vest. – Vi vonar å ha svar på dette innan jul. Men ei sak er sikker allereide no – vi har ikkje *eitt* ledig kontor ved innflyttinga. Då har vi til og med gjort framlegg om å plassere fire personar fast på teiknesalar.

Det vert elles peika ut ein kontaktperson på kvar avdeling for å ta del i førebuinga til innflyttinga, fortel Aaland.

Gruppa vil vidare sjå på organiseringa av fellestenester, som sentralbordteneste, kopieringsteneste og arkiv- og skrive-teneste. – Eit problem som allereide har dukka opp, er at vi ikkje får nytt sentralbord. Dette gir inga god løysing, for sentralbordet


vårt kan ikkje byggjast ut seinare. Hadde vi fått ny sentral no, ville vi hatt stor nok kapasitet i lang tid framover. Når vi no seinare får behov for utviding av sentralbordet, må det investerast i heilt nytt utstyr, og utgiftene vil bli atskilleg større. Direkte innvalgsnummer hadde vi og hatt stort behov for, men det let seg nok ikkje gjere no, seier Aaland.

Det er lagt opp til at den nye kantina kjem inn under Statens Kantiner, og tilbodet blir i første omgang utvida, men det blir ikkje kapasitet til middagsservering.

– Vi vil og undersøkje om det er mogeleg å etablere barnehage, det vil seie kva vegvesenet kan stille til rådvelde for slik verksemd, men her veit vi førebels ikkje stort, seier Aaland. – Men det vi veit, er at sjølv om mange får lengre veg til jobben, så vil i alle fall parkeringstilhøva bli betre enn dei vi har i dag.

Hovudentreprenør for bygget er O.L. Kyte A/S, Voss. Til no er arbeidet i rute til innflytting ca. 15. november 1982. I tillegg til Vegkontoret og Biltilsynet skal også Bergen Justerkammer og Statens Teknologiske Institutt ha kontorlokale i biltilsynsbygget.

Røa.



Biletet er teke på byggjeplassen i slutten av oktober. Til venstre hovudbygget. Under krana til høgre er arbeidet på biltilsynsbygget på vidt kome i gang. (Foto: T. Haugen)



# Vegvesenets virksomhet i Hordaland under okkupasjonen 1940-45

I en skuffe på et av kontorene i Strandgaten 209 dukket det for en tid siden fram en beretning som sannsynligvis svært få innen vegvesenet kjenner til. Det er rett og slett en historisk beskrivelse av forholdene for vegvesenet i Hordaland under krigen, gjengitt slik vegsjefen i denne perioden, Sven Waage, husket den noen år etterpå. Vegdirektøren bad i 1948 samtlige vegsjefer om å skrive en slik beretning, men etter det vi har kjennskap til, var det visstnok ikke så vært mange som fikk gjort det. For vegvesenet er det derfor et helt enestående dokument og ikke minst et verdifullt bidrag i den innsamlingen av vegvesenets historie som nå pågår.

Vi tror at mange kan ha interesse av dette stoffet, men ettersom det finnes svært få kopier av vegsjef Waages beretning, har vi valgt å gjengi den, delvis fullt ut, delvis i utdrag, i bedriftsavisen. For ikke å tvære det ut over flere år, vil vi nok måtte korte ned på en del detaljer, men stort sett følger vi vegsjefens ord fra ende til annen.

*Red.*

Bergen, den 6. februar 1952  
Herr vegsjefen i Hordaland  
Bergen

Da jeg innehadde vegsjefstillingen i Hordaland i okkupasjonstiden har jeg etter avtale utarbeidet nedenstående beretning

som svar på Vegdirektørens rundskrivelse nr. 54 av 20. november 1948 angående

## **Vegvesenets virksomhet i okkupasjonstiden.**

Jeg har tatt med det jeg kan erindre og mener er av interesse, men da jeg ikke har opptegnelser å støtte meg til, tør det være at en del annet, som burde ha vært nevnt, ikke er kommet med.

### **Arbeidsdriften**

Ved okkupasjonen 9. april 1940 var vegarbeidet igang som vanlig på denne årstid. – I Hordaland stoppet det vesentlige anleggsarbeidet ved hovedanleggene opp i de nærmest følgende dager, da arbeiderne på grunn av den usikkerhet som rådet fandt å måtte reise hjem og fordi den vesentligste pengetilgang opphørte som følge av at forbindelsen med Oslo var avbrudt og foreliggende sjekker fra Vegdirektøren ble nektet utbetaling i Norges Banks herværende avdeling. – Også andre vegarbeider ble for den største del lammet, således bygdevegbyggingen og vegvedlikeholdet. – Teleløsningen var nettopp begyndt på flere strekninger, hvor trafikken øket sterkt på grunn av evakueringen, samt på enkelte strekninger, særlig på rute 500 mellom Fjæra og Odda, norsk militærtrafikk. – Av hensyn til avvikling av disse transporter og landsdelens øvrige trafikk søkte en så vidt mulig å holde vegene i farbar stand og samtidig beskjefte folk som ikke hadde annet å leve av. Myndighetenes oppfordring gikk jo også ut på å holde arbeidslivet igang.

De pengemidler som de enkelte kasserere satt inne med ble disponert til de mest påtrengende behov og det fra Fylkesmannen mottatte direktiv om 50 % utbetaling av ordinær lønn gjorde at de forhånden værende midler varte tilsvarende lengere. Dette kom særdeles vel med

da den foreløpige reduksjon også omfattet funksjonærene, så disse måtte tilgodesees av de hos kassererne beroende midler. Det ble forholdt på samme måte ved de to avdelingskontorer på Stord og i Odda, som en her var uten forbindelse med den første tid.

